

## Fråsegn til høyringsnotatet *Forslag til rettskrivningsendringar i bokmål og nynorsk februar 2022*

24. mars 2022

Av Erik Solem, språkinteressert programvareutviklar

Mykje er greitt og uproblematisk, og eg stør alle punkti eg ikkje gjev nokon merknad til. Det er serleg godt å sjå at den uturvande skilnaden mellom nynorsk *mønsteret* og bokmål *mønsteret/mønstret* no i stor grad kverv (pkt. 3.2.2.1).

### 3.2.2.2 g

Det er uturvande med valfridom her – *krøtter* bør framleis vera eineform. Ikkje berre læt *krøttene* underleg, men det er få tilslag jamført med *krøtter* på nb.no (i både bøker og blad). Summe tilslag på *krøttene* er òg bunde eintal (d.e. *krøtteren*) og bruket ser ikkje ut til å vera aukande. Ikkje eingong NAOB fører opp *krøttene*.

### 3.2.2.2 i

Ser ikkje at det er noko folkekrav til endå ei valfri form her. Det er uråd å få i gode tal frå nb.no av di *læger* fyrst og fremst gjev tilslag i gamle tekster med tydingi «lækjarar» og *lægre* gjev tilslag på nynorskordet. Ved netsøk er det to(!) ulike tilslag på «noen lægre». Det er mange fleire på «noen læger». NAOB fører opp *lægere* attåt *læger*, men ikkje eitt einaste døme på bruk av det (derimot er det ei herming med *lægrer*). Dimed bør *læger* framleis vera eineform.

### 3.2.2.2 l og m

Korkje *water* eller *quarter* ser ut til å vera nytta i fleirtal. Ser difor ikkje nokon grunn til å gjera noko som helst der, men eg tek for godt at det er omsyn til system som gjer det, og eg gjeng difor ikkje imot.

### 3.2.2.4 b

Tilslagi på *pensumer* på nb.no kjem fyrst og fremst frå bøker med døme på korleis ein skal bøya ord. Netsøk på t.d. «ulike pensum», «ulike pensumer» og «ulike pensa» syner at det ikkje er dumt å få inn «pensum», men det er kan henda like greitt å taka ut «pensumer» i same venda, so det vert (*flere*) *pensa/pensum* der det no heiter (*flere*) *pensa/pensumer*. Sameleis læt *maksimumer* og *minimumer* underleg, og ved netsøk ser ein òg at det er tilslag på «flere maksima» og «flere maksimum», men ikkje på «flere maksimumer». Framlegget mitt for *maksimum*, *minimum* og *pensum* er difor at formene på -er vert tekne ut når dei med nullending kjem inn.

### 3.2.2.4 d

Framlegget tyder at *spektret* vert *spekteret* og *spektra* vert *spektera* (utan samandraging). Det er greitt, men ubunde fleirtal (*flere*) *spektre* (med samandraging) bryt då mønsteret. Her burde ordet setjast i samband med (*et*) *spekter*, av di *spekter* trass i alt peikar til *spektrum* i Bokmålsordboka. Det er ikkje logisk at ein skal kunna skriva *et spekter* – *flere spekter/spektre*, medan *et spektrum* krev *flere spektre*. Framlegget mitt vert difor slik:  
*et spektrum/spekter* – *spektrumet/spekteret* – *flere spektre/spekter* – *alle spektera/spektrene*. Det tyder at *spektret* vert teke heilt ut, so einast *spekteret* stend att for baa ordi (attåt *spektrumet* til

*spektrum*), og at fleirtal vert *spektre/spekter* ubunde av grunnform. Hugsa gjerne på det de kallar «enkelhetsprinsippet».

#### 3.2.2.4 f

Framlegget er greitt i seg sjølv, men liksom med *spektrum/spekter* burde ordet sjåast saman med *monster*. Det har lite å seia at *monstret* vert skift ut med *monsteret* når både formene framleis er bundne former av *monster*. Her burde *monsteret* verta eineform for både ordi om brigdet skal vera verdt noko som helst. Elles søkk bruket av formi *monstrum*, og ein burde òg sjå på om heile -um-formi av ordet burde takast ut (jf. pkt. 3.2.2.4 g).

#### 4.1.1

Framlegget er å taka inn det svenske pronomenet *hen*. Stutt sagt: i bokmål helst ikkje, i nynorsk slett ikkje. Her er det mykje som talar imot, særleg for nynorsk, der trikjønnsystemet er påbode.

Ordet har kan henda kjønnsnøytral tyding, men sjølv ordet er ikkje oppfatta nøytralt av alle. Granskingar i Sverige har endåtil synt at ordet er polarisert nok til at dei med nøytral innstilling til det er i *mindretal* (<https://www.duo.uio.no/handle/10852/63339>), og eg ser ingen grunn til at stoda skal vera ulik her i landet (vert om – svenskane var langt tidlegare ute med dette). Skal ordet inn, burde det i det minste vera med ein bruksmerknad om dette i ordbøkene.

Det at eit ord er nytta tyder ikkje at det hastar å få det inn i ordbøkene. På bokmål er ord som *gutta*, *driti* og *tyve* i bruk, men stend like fullt ikkje i Bokmålsordboka. For *tyve* er det omsyn til system som gjorde at det ikkje fekk koma inn att i 2005 (dei danske talordi dreg med seg den danske teljemåten), og eg vil tru det òg gjeld dei to andre (*driti* opnar vel for i-supinum eller krev serskilt unnatak). Nett omsyn til system talar òg imot *hen*.

Å taka inn *hen* lagar eit hòl i normi. I ordskifte med andre har eg merka at samsvarsbøyingsspørsmålet og trikjønnsystemet snøgt kjem fram, og det er òg noko eg sjølv ynskjer tydeleg svar på før eg gjev ordet grønt ljós. Etter vanleg samsvarsbøying heiter det at *han er liten* og *ho er lita*, medan ein fær vanskar med *hen*. Sameleis kan *han* vera *ein me kjenner* og *ho* vera *ei me kjenner*, medan *hen* ikkje er knytt til nokon artikkel. På bokmål er *lita* og *ei* valfrie former og ein kan soleis koma seg unna problemet, men det skapar like fullt problem for brukarar av radikalt bokmål. På nynorsk kan ikkje problemet ignoreras – ei defekt norm er rett og slett ikkje godtakande. Éi løysing er å nytta *nøytralt* genus, d.e. inkjekjønn (*hen er eit me kjenner*, *hen er lite*), men førebels ser det ikkje ut til å vera mange som ynskjer å verta kalla *eit* og *lite*. På islandsk tek kjønnsnøytrale pronomen derimot inkjekjønn, les eg, so det stend vel mest på vanen.

Dei framlagde bøyingformene (*hen – hen – hens*) er i røyndi berre *han – han – hans* med annan vokal. I skriven svensk høver *hen* saman med *han* og *hon*, og det same gjeld vel òg bokmål no som hokjønnspronomenet berre har dansk form att (*han – hun – hen*). Elles er -n ein tydeleg hankjønnsmarkør på norsk, og det gjeld òg bokmålet i substantivsbøyingi. Det er usagt, men det ser ut til å vera lagt opp til at *hen* tek felleskjønnsbøying (eller då hankjønnsbøying). Det tek eg for godt at kjem av at ordet er kome inn frå tokjønnsområdet rikssvensk – og dessutan fyrst til dei varietetane av norsk der skild han- og hokjønnsbøying ikkje stend sterkt (bymål). At nokon som seier *en jente* og *hun er liten* lett kan fletta inn *hen* i språket sitt utan ans for trikjønnsystemet tyder ikkje at det høver i dei skrivne språknormene. Er det so at Språkrådet er med på at *hen* skal ha hankjønnsbøying (som felleskjønn trass i alt er i norsk), burde de òg tora seia beint fram at de

vil skipla trikjønnsystemet. Det er stor skilnad på å nytta einskilde ord bøygde i hankjønn i kjønnsnøytral tyding og det å knesetja eit prinsipp om at kjønnsnøytrale ord skal verta bøygde i hankjønn – det vil i røyndi føra felleskjønn inn i nynorsk. Då gjer vel stabilitetsprinsippet seg gjeldande òg, noko som vel er ei sak for ei større rettskrivingsreform.

Eit anna poeng er at om de fyrst gjeng med på at *hen* tek hankjønnsformer (felleskjønn), om so berre på bokmål (*hen er liten, hen er en vi kjenner*), seier de omveges at *hen* er eit alternativt hankjønnspronomen. Det er ingi onnor kjønnsnøytral løysing på samsvarsspørsmålet enn å seia at det tek inkjekjønnsbøyging, men som nemnt over vil ikkje folk kallast *e(i)t* og *lite* og det tykkjest ikkje vera gjort heller. Og skal *hen* fyrst knytast til hankjønn, kan me like gjerne nytta *han* nøytralt (slik me òg gjorde/gjer, og slik pronomenutgåva av *ingen* og *nokon* ikkje er bøygd med serskild hokjønnsform) og enda ordskiftet der.

Ser me bort ifrå at det er stuttare, gjev ikkje *hen* noko meir en *vedkomande* heller. For offentlege instansar og andre som lyt skriva etter normi er det dimed ikkje noko ein ikkje fær sagt dersom ikkje *hen* kjem inn i normi, og då er det ingen vant i målet som einskildordet *hen* i seg sjølv løyser.

Ei onnor løysing er «eintals-dei». Å nytta *they* i eintal er ovgamalt i engelsk, men det er ikkje heilt framandt i norsk helder. Det finst til dømes fleire tilslag på setningar à la «dersom noen trenger hjelp, kan de ta kontakt» i bokmålstekst. Det finst jamvel dei som vil kallast *dei* (<https://www.nrk.no/nordland/hen-snart-i-ordboka--de-og-dem-blir-populaere-pronomen-om-kjonnsidentitet-1.15798497>). Bruksprinsippet stend dimed ikkje i vegen for eintals-dei heller.

Ei tredje løysing eg har høyrte om i ordskifte (då òg for annan germansk) er å «atterskapa» ei tenkt inkjekjønnsform av *han/ho*, t.d. *he(t)* (jf. dei islandske framleggi *hán* og *hé*). Sjølv tykkjer eg at det er ei løysing som høver langt betre inn i det norske trikjønnsystemet, men bruksprinsippet talar sjølvsagt imot.

Det eg vil fram til her er at svesismen *hen* er langt ifrå einaste løysing, og det hastar på ingen måte å få ordet inn i ordbøkene. Det at ikkje samsvarsbøyingssspørsmålet er løyst tyder tvert om sterkt på at det er for tidleg å taka inn *hen*. Ordet kan framleis nyttast i einskilde saker i avismål der journalisten tykkjer det høver seg (og med den samsvarsbøyingi han eller intervjuobjektet likar), men i normert mål lyt det vera høgare krav.

#### 4.1.2

Ordi *diskré* og *diskret* er ulike ord med ulike tydingar. Det er dimed ikkje heilt heppe at *diskret* vert vidka til å femna både tydingane, og i utgangspunktet burde Språkrådet vera atterhaldne med å taka inn samanfallet i normi, men om det er som de skriv at «*diskret* [er] mer brukt enn *diskré*», er eg samd i at bruksprinsippet fær ganga føre. Anna som talar for å taka inn *diskret* er at etymologien ikkje byd på problem (likt opphav) og at NAOB alt fører opp *diskret* som variant (og det er truleg ikkje riksmålsideologi som gjer det).

#### 4.3.1

Det er godt at de no ryd opp i rotet med *-an/-a-*. Her kunne de ha gjort det endå lettare ved å gjera *-an-* til eineform, men framlegget er trass i alt mykje betre enn det som gjeld no (og jamvel det som galdt i 1959-rettskrivingi) – og er det so at framlegget er i tråd med bruket, so er vel saki grei.

### 4.3.2

De gjer rett i å taka inn hokjønnsbøying (*ei kjevle*), men òg heilt rett i å seia nei til hankjønnsbøying (einaste grunnen til å sleppa inn hankjønnsbøying attåt ho- og inkjekjønn på bokmål er vel kapitulasjonen for riksmålsrørsla i 2005 og den uhepne fylgdi at alle hokjønnsord då òg fekk vera hankjønnsord). Det er leitt at de ikkje har sett på fleire ord (t.d. om *dialekt* kan vera hokjønn på bokmål òg, og om *reform* kan få vera hokjønn, slik *form* og *plattform* alt er på bokmål) når de fyrst ser på saki, men det vonar eg at kjem ved eit anna høve.